

Monica Nord-Varhaug  
Signy Refsnes  
Stig Hobberstad  
Ellen Marie Stokka  
Mari Kristiansdottir  
Tron-Arild Grødem

Nærbø 10.05.2023

**Forfall:** Trine Tengesdal

## **Referat frå FAU møte 09.05.2023.**

### **06/23 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkallinga og sakslista godkjent utan merknader.

### **07/23 Godkjenning av referatet frå møtet 21.02.2023.**

Referatet godkjent utan merknader.

### **08/23 Generell informasjon**

- Fredag 12.mai. Elevane på 10.trinn får veta kva fag dei kjem opp i til skriftleg eksamen. Alle elevar kjem opp i anten matematikk, engelsk eller norsk.
- Eksamensdagane er 22, 23, 24 og 25 mai.
  
- 16.mai Misjonsløp
- 17.mai. Alle elevar som høyrer til i Nærbø soknet går i 17.mai toget.
- 12.juni. Bli kjent kveld for 8.trinn 2023- 2024. Same dag for NUS og Tryggheim ungdomsskule.
- 13.juni. Munnleg eksamen for 10.trinn.
- 14.juni. Avslutningsfest for 10.trinn
- 12. – 16. juni. Arbeidsveke for 9.trinn.
  
- 22. juni. Avslutning for 8. og 9. trinn.

### **Personalet:**

- Skuleåret 2023 - 2024 år skal desse ha permisjon:
  - o Johanne Hølland

- Johanna Persson
- Miriam McNicol
- Tilbake frå permisjon 2023 - 2024
  - Vilde Aarrestad
  - Marie Pallesen Lunde
  - Marte Sirevåg
  - Anne Risa
  - Andreas Vasshus
  - Brian Engen
- Nye i personalet:
  - Lise Ødegaard Særheim
  - Sigrid Meling Smedsgård
- Sluttar:
  - Kari Anne Vatland,
  - Ellen H Olsen
  - Siri Jakobsen

**09/23 Ordensreglementet for Tryggheim ungdomsskule.**  
Ordensreglementet vart godkjent utan merknader.

**10/23 Rutine for rushandtering på Tryggheim ungdomsskule.**  
Rutine for rushandtering på Tryggheim ungdomsskule var oppe som informasjonssak.

**11/23 Valordning for FAU.**

- FAU representantane for 9.trinn 2023-2024 skaffar ein representant som kan vera i FAU for 2 år og ein vararepresentant for 1 år.
- FAU representantane for 10.trinn 2023-2024 skaffar ein representant som kan vera i FAU for 1 år og ein vararepresentant for 1 år.

Dette må vera klar til foreldremøta til hausten:

10.trinn	4.september
9.trinn	5.september
8.trinn	6.september

**12/23 Eventuelt.**

Køyretøy. Det er fleire elevar som etter at dei har blitt 16 år kjem med mopedbilar, mopedar, motorsyklar, 4 hjularar eller traktorar på skulen. Både foreldre og skulen opplever at elevane ikkje alltid køyrer like fint. Det går på at dei køyrer med alt for mange i bilane, for stor fart og ei køyring som ikkje er forsvarleg.

FAU ynskjer at ein på det fyrste foreldremøta om hausten til 10.trinn snakkar om trafikktryggleik. Håpet er at ein kan få lufta litt av «frustrasjonane» som foreldre kjenner på, og at ein kan få til ei felles forståing.

FAU utfordrar og skulen til å revidera «Lokal plan for trafikktryggleik for Tryggheim ungdomsskule». Kan ein få inn noko om utfordringane som er nemnde ovanfor?

Referent: Tron- Arild Grødem